



Saksframlegg

Lovlegheitskontroll av vedtak i kommunestyresak 12/25 - Turist 2025 Tiltaksplan

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Lovlighetskontroll - Turist 2025 tiltaksplan - lovlighetskontroll
- 2 Møteprotokoll (4).PDF
- 3 Lovlighetskontroll - grunngjeving
- 4 Lovlighetskontroll av vedtak i kommunestyrets sak 12/25 - Turist 2025 Tiltaksplan

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren har motteke lovlegheitskontroll av vedtak fatta i kommunestyret sitt møte 13. februar i sak 12/25 – Turist 2025 Tiltaksplan.

Lovlegheitskontrollen er framsett av kommunestyrerepresentantane Olav Kiland, Janne Lunden Teksle, Elin Ringhus og Robert Libjå. Dei skriv også i sitt skriv at det er på vegne av Senterpartiet. Dei krev ikkje lovlegheitskontroll av heile vedtaket, men av tillegget som blei framsett av Elise Lauvrak. Kommunedirektørens innstilling blei vedteke einstemmig. Tilleggsforslaget frå Elise Lauvrak blei vedteke med 9 mot 8 stemmer.

Vedtaket lyder slik:

Kommunestyret er positive til delprosjekta som er presentera i saka, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å jobbe vidare med delprosjekta innafor budsjettett ramme der disposisjonsfondet finansierar delprosjekt 1 på 250 000 tusen og delprosjekt 2 hentar finansiering (ramme 300 000) frå budsjettposten til Næring og søker ekstern finansiering så langt det er mogleg.

Forutsett at næringssjefen i løpet av året trekker seg ut frå drift av turistsatsinga. Dette for å bruke tida si på andre næringsoppgåver.

Representantane som har kravd lovlegheitskontroll har følgjande grunngjeving for dette:

Grunngjeving for dette, er at nemnte representantar meiner at kommunestyret ikkje har rett til å øve makt over einskilte stillingar, utover kommunedirektøren. Det vil seie at det er kommunedirektøren som har til ansvar å delegere arbeidsoppgåver, for

å innfri vedtekne planar i kommunen. Nemnte representantar meiner at vedtaket bryt med §27-3 i kommunelova, og ynskjer vedtaket vurdert og nullt dersom medhald i vår vurdering.

Handsaming av ein lovlegheitskontroll skal gjerast ved at det organet som har fatta vedtaket skal handsame det som kjem fram i kravet om ein lovlegheitskontroll. Organet kan da vele å oppretthalde eller endre sitt tidlegare vedtak. Dersom organet opprettheld sitt vedtak går kontrollen vidare for sakshandsaming av Statsforvaltaren som klageinstans.

Vurdering:

Kommunelova gjev representantane i kommunestyret heimel til å krevje lovlegheitskontroll av vedtak som er fatta innafor gjette rammer. Eit av krava kommunelova sett er at det må vere minst tre namngjete representantar som må framsete kravet. I tillegg må det føreligge ei grunngjeving som peikar på kva ein meiner er ulovleg.

I denne saka er det fire namngjete kommunestyreprerentantar som har kravd lovlegheitskontroll, og dei har etter oppmoding kome med ei grunngjeving for sitt krav.

Kommunedirektøren stadfester derfor at krava i kommunelova er innfridd og saka om lovlegheitskontroll kan handsamast av kommunestyret.

Stridens kjerne i denne lovlegheitskontrollen er følgjande setning i vedtaket:
Forutsett at næringssjefen i løpet av året trekker seg ut frå drift av turistsatsinga. Dette for å bruke tida si på andre næringsoppgåver.

Dei som har framsett kravet meiner at kommunestyret bryt kommunelova ved å instruere næringssjefen som tilsett i organisasjonen på korleis ein skal løyse oppdraget sitt og kva ein ikkje skal jobbe med og prioritere.

Ein slik tolking av vedtaket er etter kommunedirektørens oppfatning klart i strid med kommunelovas § 13-1 som omhandlar kommunedirektør. Mynde og oppgåver. Kommunestyret kan instruere kommunedirektør med heimel i lova, men ikkje andre tilsette i organisasjonen. Det er berre kommunedirektøren eller den han delegerer slik mynde til som kan instruere tilsette i organisasjonen. Ut ifrå ei slik tolking av vedtaket er vedtaket etter kommunedirektørens oppfatning ulovleg.

Kommunedirektøren vil likevel påpeike at han sjølv ikkje reagera slik på vedtaket fordi han hadde ei anna tolking av vedtaket. Kommunedirektøren tolka vedtaket som ei anmodning eller ein intensjon om at ein må få meir ballanse i næringssjefens oppgåver slik at andre næringssaker enn turisme også får fokus. Grunnen til at kommunedirektøren tolka vedtaket slik er at han er einig i at kommunen skal ha ei næringssjef som har fokus på all næringsverksemd i kommunen, med turisme som ein grein. Slik det har vore den siste tida har turisme av naturlege årsaker hatt mykje fokus, og kommunedirektøren forstår at ein politisk vil ha meir ballanse. Når ein les vedtaket slik det er formulert ser kommunedirektøren at sin eigen tolking kanskje er å strekke det litt langt. Vedtaket er ikkje formulert som ein intensjon, som kommunedirektøren har tolka det som, men som ein instruks eller direkte innblanding i kommunedirektørens styringsrett over oppgåveløysinga.

Konklusjon:

Kommunedirektøren er einig i at vedtaket slik det er formulert er i strid med kommunelovas reglar om direkte styring/instruksjon av tilsette i organisasjonen. Kommunestyret kan berre instruere kommunedirektøren.

Kommunedirektøren anbefaler kommunestyret å annullere tilleggsvedtaket som blei gjort i sak 12/25, sekundært å formulere eit vedtak kor kommunedirektøren må sikre at næringsarbeidet i framtida skal favne all næringsverksemd i kommunen slik intensjonen med stillinga har vore.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Saka leggst fram utan innstilling

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør